



Arkivnr: 2015/2151-156

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

## Klage på utbetaling av tildelt tilskot Lokale kulturbygg til Strandvik Grendahus - Fusa kommune

Hordland fylkeskommune har motteke brev av 15. februar 2018 frå Fusa kommune. Brevet inneheld ei klage frå Strandvik Grendahuslag på utbetalt tilskot av spelemidlar til Lokale kulturbygg.

Strandvik Grendahuslag sendte klage til Fusa kommune 3. januar 2019 på utbetaling av 17.10.2018. Strandvik Grendahuslag klagar på at dei fekk utbetalt tilskot på kr 304 000,- og ikkje 340 000,- som tildelt.

Jf forvaltningsloven er klagefrist 3 veker frå dagen brev/utbetaling er motteke. Klagen er motteke for seint, men etter ei vurdering vi vil likevel handsame klagen fordi det ved en inkurie ikkje var opplyst om klagefrist i brevet om utbetaling.

### Bakgrunn:

Den 30. april 2015 søkte Strandvik Grendahus om tilskot til rehabilitering. Godkjende kostnader var på kr 1 134 649,-. Dette inkluderte uføresett kostnader med kr 62 500,- og administrasjon med kr 50 000,-. Søknadssum var kr 378 216,-, og det blei, i samsvar med kriteriene, tildelt kr 340 000,- som er 1/3 av godkjende kostnader. Dette blei gjort kjent for Strandvik Grendahus P/L i brev av 10. september 2015.

Det var frist for utbetaling av tilskot etter revidert rekneskap innan 2 år. Først i brev av 20.6.2018, motteke i Hordaland fylkeskommune den 25.9.2018, blei det bedt om utbetaling etter revidert rekneskap. I revidert rekneskap kom det fram at godkjende kostnader var kr 868 723,-. På bakgrunn av dette vart det fylkeskommunale tilskotet rekna til kr 304.000,-.

### Vår vurdering:

Revisor skriv i sin konklusjon av 22. april 2018: «Totale utgifter i regnskapsrapporten utgjør kr 868 723.»

På bakgrunn av revisor sin uttale vart det sendt e-post til Fusa kommune 12. oktober 2018: «Revisor har funne totale utgifter i rekneskapet for kr 868 723,-. Eg godkjenn ikkje Uføresett på kr 48 063, då revisor ikkje har funne utgifter for dette. Administrasjon kan vere max 5% så det godkjenn eg med kr 43 436,-. Total kostnad vert da kr 912 159,- med utbetaling på kr 304 000,-.»

På bakgrunn av dette vil fylkesrådmannen oppretthalda at rett sum er kr 304.000,-.

**Forslag til vedtak**

Utval for kultur, idrett og regional utvikling opprettheld at riktig utbetaling til Strandvik Grendahus skal vere på kr 304 000,-

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*